



Vestland
fylkeskommune



Arbeidsmarknad og kompetansebehov: Voss og Hardanger 2026

Kunnskapsgrunnlag for kompetanse og arbeidsmarknad i Voss og Hardanger 2026

Om kunnskapsgrunnlaget:

- Vi ser her på sysselsetjingstrender i regionen dei siste åra;
- viser resultata for nokre viktige indikatorar for arbeidsmarknaden i 2025;
- og undersøker elevtal og programval på dei vidaregåande skulane i regionen

På bakgrunn av dette forsøker vi å seie noko om kompetansebehova i kompetanseregionen Voss og Hardanger no, og kva behov regionen kan ha også dei neste åra.



Korleis forstå marknaden for kompetanse og arbeidskraft?

- Befolkninga tilbyr arbeidskraft, og individane innehar ulike typar kompetanse
- Privat og offentlig sektor etterspør arbeidskraft og kompetanse
- I arbeidsmarknaden realiserast ein likevekt der tilbodet av og etterspurnaden etter arbeidskraft møtast: denne likevekta gir oss den faktiske sysselsetjinga i næringar og yrke, samt lønsnivå og arbeidsløyse.
- Endringar i tilbod og etterspurnad frå år til år vil komme til syne som skifter i antalet sysselsette i forskjellige yrke og næringar, og i lønsnivået til dei sysselsette
- Kva er så kompetansebehov i denne forståinga av arbeidsmarknaden? Den etterspurnaden etter kompetanse som ikkje blir dekt i marknaden, kan vi forstå som dei gjeldande kompetansebehova. Men det er viktig å skilje mellom ulike typar behov:
 - «Midlertidige» kompetansebehov: i periodar med høgt aktivitetsnivå vil mange næringar kunne sette fleire folk i arbeid til gjeldande lønsnivå utan å få tak dei, men desse behova vil forsvinne i lågkonjunkturar eller i eit «normalt» aktivitetsnivå
 - Strukturelle kompetansebehov: kompetansebehov som er meir uavhengige av konjunktursituasjon, og som gjer seg gjeldande over tid

Korleis identifisere kompetansebehov?


- Midlertidige behov for arbeidskraft og kompetanse kjem fram gjennom bedriftsundersøkingar (Nav og NHO), stor auke i kunngjorde stillingar, tilbagemeldingar frå bransjeorganisasjonar osv.
- Strukturelle behov kan vere vanskelegare å få auge på, ikkje minst på regionalt nivå
 - Vedvarande rapporterte rekrutteringsproblem i bedriftsundersøkingar
 - Mange kunngjorde stillingar per sysselsett over tid kombinert med låg sysselsetjingsvekst
 - Stor differanse mellom regional og nasjonal sysselsetjingsvekst for bestemte yrke og næringar
- Viktig å skilje mellom strukturelle regionale kompetansebehov, og sysselsetjingstrendar som følgjer av næringsstruktur og dei som kanskje kjem som følgje av skifter eller manglande tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse.



Arbeidsmarknad

Sysseisetjingendringar og
næringsstruktur i regionen

Næringsstruktur i Voss og Hardanger (2024)



Næringsstrukturen i Voss og Hardanger


- Næringsstruktur etter sysselsetjing
- Helse- og sosialtenester er den næringa i regionen som sysselsett flest. Her jobbar 23,5 prosent av alle sysselsette. Dette er i antal rundt 4.200 arbeidstakarar.
- Bygg og anleggsnæringa, industri, og varehandel sysselsett alle rundt 2.000 personar kvar, medan informasjon, kommunikasjon, finans og forsikring er den klart minste næringa med rundt 240 arbeidstakarar.

Endring i antal sysselsette

Næringar

- I perioden 2019-2024 auka sysselsetjinga mest innan overnatting og servering, og innan tenesteyting og eigedomsdrift.
- Helse- og sosialtenester hadde ein svært beskjeden vekst.
- Både varehandel og bygg- og anleggsnæringa opplevde ein reduksjon i antalet sysselsette i regionen.

Sysselsetjingsvekst etter næring – Voss og Hardanger (2019–2024)




Endring i antal sysselsette

Yrke

- Mellom 2019 og 2024 auka antalet barnehage- og skuleassistentar med nær 160, medan det vart over 130 fleire rådgjevarar innan økonomi, administrasjon og sal.
- I tillegg var det en auke i mellom anna antalet ingeniørar, i sysselsette i yrke utan utdanningskrav, og i yrke innan personleg tenesteyting.
- Ei lang rekkje yrke hadde vekst nær null eller ein svak positiv auke. Sjå full oversikt i tabellen på neste side.
- Fleire yrke opplevde i same periode ein reduksjon i antalet sysselsette. Dette gjeld i stor grad dei yrka som i stor grad er knytt til dei næringane vi allereie har sett hadde negativ sysselsetjingsutvikling. Dette gjeld mellom anna salsyrke (hvor 145 færre var sysselsette i 2024 samanlikna med 2015), pleiemedarbeidarar (39 færre) og bygningsarbeidarar (43 færre).


Sysselsetjingsvekst etter yrke i Voss og Hardanger (2019–2024)





Arbeidsmarknaden i 2025

Arbeidssøkjarar og stramleik i arbeidsmarknaden



Låg arbeidsløyse


- Som fylket og landet elles har også Voss og Hardanger hatt ein låg arbeidsløyse og få heilt ledige personar dei siste åra.
- Det har vore ein liten auke i antalet arbeidsledige sidan 2022 og 2021.
- I 2025 var det i gjennomsnitt 335 heilt ledige kvar måned i regionen.
- Som andel av arbeidsstyrken gir dette ein arbeidsløyse rundt X prosent. Det er lågare enn fylket samla sett.

Antal ledige stillingar per arbeidsledige person

Kor stram er arbeidsmarknaden i Voss og Hardanger?

- Kor vanskeleg det er å få tak i arbeidskraft kan vi mellom anna uttrykke ved å sjå på forholdet mellom antalet kunngjorde stillingar, og antalet arbeidssøkjande personar.
- Dersom det er få arbeidssøkjande og mange kunngjorde stillingar seier vi at arbeidsmarknaden er stram.
- Voss og Hardanger hadde i denne samanhengen i 2025 eit balansert arbeidsmarknad.


Stramleik i arbeidsmarknaden i kompetanseregionane (2025)




Antal ledige stillingar per arbeidsledige person

Kor stram er arbeidsmarknaden i Voss og Hardanger?

- Det er til dels store forskjellar i stramleik mellom ulike yrkesgrupper. I 2025 var det særleg vanskeleg å få tak i arbeidstakarar innan akademiske yrke, og prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar.
- Tilgangen på ledige handverkarar, reinhaldarar og hjelpearbeidarar samt innan kontoryrke var stor.
- For både sal, service og omsorgsyрке samt høgskuleyrke var det tilnærma balanse i arbeidsmarknaden dette året.




Antal ledige stillingar per arbeidsledige person



Kor stram er arbeidsmarknaden i Voss og Hardanger?

- Med ein meir finmaska yrkesgruppering får vi eit meir nyansert bilete.
- Stramleiken for akademiske yrke kjem i all hovudsak frå sjukepleiarar og spesialsjukepleiarar der det i 2025 var rundt 4 kunngjorde stillingar per arbeidssøkjande sjukepleier.
- For prosess- og maskinoperatørar var det same talet ca. 2.
- Det var òg vanskeleg å få tak i pleiemedarbeidarar, dvs. helsefagarbeidarar med og utan fagbrev.


Antal ledige stillingar per arbeidsledige person



Figuren viser forholdet mellom kunngjorde stillingar og registrerte arbeidsledige for dei 15 største yrka. Punkt over 45-graders linja indikerer eit yrke med mangel på arbeidskraft, medan punkt under linja indikerer eit overskot av arbeidskraft.

Ubalanse for nokre yrkesgrupper

- For nokre yrkesgrupper er det altså mange arbeidsledige per kunngjorde stilling.
- I denne figuren kan vi sjå om stramleiken er eit resultat av høg arbeidsløyse og få kunngjorde stillingar samanlikna med dei andre yrke, eller om den kjem av få arbeidsledige personar.
- Her ser vi at sjukepleiarar og prosess- og maskinoperatørar har svært få ledige personar.
- For yrke utan utdanningskrav og kontor og kundeservicemedarbeidarar er situasjonen motsett: her er det relativt få kunngjorde stillingar, og nokså mange arbeidsledige.



Arbeidsmarknad

Kunngjorde stillingar som indikasjon på kompetansebehov

Etterspurnad etter arbeidskraft

Etterspurnaden etter arbeidskraften kan skildrast både kvalitativt og kvantitativt. Ein kvalitativ undersøking seier noko om kva type ferdigheiter og kunnskapar arbeidsgjevarane har behov for at arbeidstakarane har, medan kvantitate undersøkingar søkar å talfeste denne etterspurnaden. Vi har fokus på den kvantitative etterspurnaden etter arbeidskraft og kompetanse.


Gode svar på dei kvalitative behova får ein typisk gjennom spørjeundersøkingar og i dialog med arbeidsgjevarane. Den kvantitative etterspurnaden har vi fleire kjelder til, og i Statistikkutvalet til Kompetanseforum Vestland bruker vi mellom anna

- Nav sin årlege bedriftsundersøking
- Kunngjorde stillingar
- Analyse av forholdet mellom sysselsetjingsvekst og observert etterspurnad (som den kjem fram frå spørjeundersøkingar og kunngjorde stillingar)

Kunngjorde stillingar som indikasjon på etterspurnad


- Kunngjorde stillingar er eit godt mål på etterspurnaden etter arbeidskraft og kompetanse, men vi må ta nokre atterhold:
 - Ikkje alle næringar bruker i like stor grad kunngjøring av ledige stillingar for rekruttering
 - Offentleg sektor er i stor grad lovpålagt å kunngjøre ledige stillingar, medan privat sektor ikkje er det.
- Vi bruker her det gjennomsnittlege månadlege antalet kunngjorde stillingar for kvart yrke. Stillingar som ikkje blir besett kan bli liggjande ute lenge, medan stillingar kor det er mange potensielle arbeidstakarar i marknaden ligg ute kort tid. Det betyr at for dei yrka kor det er låg tilgang på arbeidskraft blir stillingane gjerne liggjande lenge ute, medan dei for yrke med god tilgang på arbeidskraft berre er ute ein kort stund. Dette fører til at etterspurnaden blir underestimert for yrke med god tilgang på arbeidskraft.
- Store yrkesgrupper har i tillegg ofte mange ledige stillingar som følgje av naturleg avgang, jobbyte o.l. Dette tek vi høgde for her gjennom å sjå på forholdet mellom storleiken på yrkesgruppa og antalet kunngjorde stillingar.
- Definerer her *utlysingsintensitet* som $(\text{kunngjorde stillingar} / \text{antal sysselsette}) * 1000$.

Utlysingsintensitet: Voss og Hardanger vs. Vestland (alle yrke) (2015–2024)




Etterspurnad etter arbeidskraft


Utlysingsintensitet i Voss og Hardanger etter yrkeshovudgrupper (2015–2024)




Utvikling i utlysingsintensitet for utvalde yrke Voss og Hardanger



Utvikling i utlysingsintensitet for utvalde yrke Voss og Hardanger





Arbeidsmarknad

Endringar i tilgang på arbeidskraft



Eit arbeidstilbod i endring

Dei siste åra har tilgangen på nykomen arbeidsinnvandra arbeidskraft falt i fylket.

Samstundes har storleiken på arbeidsstyrken i Voss og Hardanger samla sett vore svært jamn dei siste åra: rundt 17.000 har delteke enten som sysselsett eller arbeidssøkjande i heile perioden 2008-2025.

Også Voss og Hardanger vil få ein eldre befolkning dei neste tiåra, og dette vil få konsekvensar for forholdet mellom innbyggjarar i og utanfor arbeidsaktuell alder.

Utdanningssamansetning og ^oelevtal


Korleis ser arbeidsstyrken ut i dag når det kjem til utdanningsnivå, og kva fagområde vel elevane på dei vidaregåande skulane i regionen?

Utdanningsnivå blant innbyggjarane

Fleire med fagutdanning enn i fylket elles


- Ca. 7.000 innbyggjarar i arbeidsaktuell alder med ein fagutdanning frå VGO.
- Vidare har rundt 1.000 ein utdanning frå fagskule, og 5.500 korthøgare utdanning.
- Samanlikna med Vestland elles er det færre med lang høgare utdanning og fleire med yrkesfag i Voss og Hardanger.
- Sysselsetjinga er aller høgast blant dei fagskuleutdanna (89 prosent) etterfølgd av dei med lang UH og VGO yrkesfag (begge 86 prosent).

Utdanningsnivå, innbyggjarar 20-66 år i 2024



Utvikling i forholdet mellom andel elevar på studieførebuande og på yrkesfaglege program

Voss og Hardanger




Mange elevar vel yrkesfag

- Dei siste åra har andelen elevar på yrkesfaglege program lege i overkant av 60 prosent.
- I sum er det snakk om noe over 350 elevar på yrkesfag i VG1, og litt over 150 på studieførebuande program.
- Voss og Hardanger likner svært mykje på resten av fylket i denne samanhengen – einaste unntak er Bergen som har ein noko lågare andel på yrkesfag enn resten av fylket.


Fordeling mellom yrkesfaglege utdanningsprogram over tid

Voss og Hardanger



- Teknologi og industrufag klart størst i 2025 med 117 elever.
- Reduksjon i antalet elever på helse- og oppvekstfag
- Dei siste åra har det vore ein liten auke i antalet elever på teknologi og industrifag i regionen. For dei andre programma er det berre snakk om mindre forandringar frå år til år i denne perioden.





Kompetansebehov

Kva betyr dette for kompetansebehova i regionen?



Kompetansebehov

Kortsiktige og langsiktige behov i regionen

- Voss og Hardanger har omtrent same intensitet på etterspurnaden etter arbeidskraft som fylket elles, men han er i mindre grad retta mot handverkaryrke. Etterspurnaden etter helseyrke ser ut til å vere større.
- Sysselsetjingsveksten innan helseyrke har likevel vore svak: det har blitt færre pleiemedarbeidarar dei siste 5 åra, og veksten i antalet sjukepleiarar har vore låg. Tilgangen på denne arbeidskrafta blant arbeidsledige er også svært låg.
- Det har ikkje blitt fleire elevar på helse- og oppvekstfag. Det kan tyde på at tilgangen på pleiemedarbeidarar heller ikkje vil auke dei neste åra.
- Sjølv om stramleiken tyder på at arbeidsmarknaden i regionen er i balanse er det andre teikn på at tilgangen på arbeidskraft er låg:
 - Høg utlysingsintensitet for mange ulike typar yrke deriblant også inann yrke med låge eller ingen utdanningskrav som personleg tenesteyting
 - Låg sysselsetjingsvekst på tross av aukande utlysingsintensitet. Dette har ein naturleg forklaring: storleien på befolkninga i arbeidsaktuell alder har ikkje auka, og arbeidsløysa har vore svært låg.